

Strålebehandling i utviklingsland



Masteroppgåve i folkehelsevitenskap

av

Oddvar Spanne

Vegleiar: Jon Øyvind Odland

Ekstern vegleiar: Dag Rune Olsen

Institutt for samfunnsmedisin

Medisinsk fakultet

Universitet i Tromsø

12. juni 2012

Forord

Eg fekk ideen til denne oppgåva i samband med at vi hadde ein IASTE (International Association for the Exchange of Students for Technical Experience) hospitant frå Mongolia. Då begynte eg å tenkja på korleis det stod til med strålebehandling i Mongolia. Det fanst, men det var ikkje rare greiene. To kobolt apparat i ein nasjon med om lag 3 millionar menneske. Noreg har 40 strålemaskiner på 5 millionar menneske. Spranget var då ikkje langt til å begynna å tenka på korleis det stod til elles i verda. Det skulle ikkje store undersøkingane til før eg fann ut at det stod heller dårleg til. Berre Vest-Europa og Nord-Amerika og nokre få land til hadde rimeleg god tilgang på stråleutstyr. Strålebehandling er ein viktig del av behandlinga for dei fleste kreftformer, slik at det burde vera tilgjengeleg for alle. Slik er det ikkje. Tilgangen på stråleutstyr er veldig ulikt fordelt og store deler av verden manglar slik tilgang totalt. Eg viser at det er slik og kjem med eit forslag om kva som må til for å løysa problemet.

Eg vil få takka vegleiarane mine for gode innspel under utforminga av oppgåva og for konstruktiv kritikk av disposisjon og tekst.

Oddvar Spanne

Tromsø 12.06.12

Innhold

Forord	2
Innhold	3
Abstract in English	8
Samandrag	10
Introduksjon	10
Materiale og metode	11
Litteratur	11
Geografi, land og folk	11
Folk	11
PPP	12
Sjølvtende og religion	12
Kreftinsidens	12
Utstyr	13
Personell	13
Behandling av data	13
Kreftinsidens	13
Land og folk	14
Utstyr	14
Lineær regresjon	14
Resultat	15
Litteratur	15
Geografi, land og folk	15
Folketal	15
Land og folk	16
Kreftinsidens	16

Utstyr	17
Personell	17
Analyse	17
Aust-Europa/Sovjet+	18
Nord og Sør-Afrika/Midtausten.....	18
Mellom-Amerika og Karibia	19
Sør-Amerika	19
Asia/Oseania.....	20
Afrika.....	20
Geografisk fordeling.....	21
Fordeling etter kva tid eit land fekk sitt sjølvstende.....	21
Fordeling etter religiøse og kulturelle skiljelinjer.....	22
Fordeling etter PPP pr capitae	22
Samanfatning	23
Eksisterande utstyr i forhold til behov	23
USA og Afrika si betyding	23
Lineær regresjon	24
Diskusjon	24
Folketal	24
PPP.....	24
Kreftinsidens.....	25
Utstyr	26
Fordeling etter religiøse og kulturelle skiljelinjer.....	27
Lineær regresjon	27
Helsesystem	28
Kostnader	28
Utstyr	28

Personell	29
Opplæring	30
Infrastruktur og bygningar	30
Helsesystem	31
Totale kostnader.....	31
Politikk.....	32
Løysing	32
Utstyr	32
Personell	32
Opplæring	32
Infrastruktur	33
Helsesystem	34
Politikk.....	34
Konklusjon.....	35
Referansar	36
Tabellar	38
Tabell 1: Land fordelt etter geografiske/politiske område	38
Tabell 2: Land fordelt etter kva tid dei blei oppretta/blei sjølvstendige.....	40
Tabell 3: Land fordelt etter hovudreligion.....	43
Tabell 4: Land fordelt etter PPP	45
Tabell 5: Aust-Europa/Sovjet+	47
Tabell 6: Nord og Sør-Afrika/Midtausten	48
Tabell 7: Mellom-Amerika/Karibia	48
Tabell 8: Sør-Amerika	49
Tabell 9: Asia/Oseania.....	49
Tabell 10: Afrika.....	50

Tabell 11: Lineær Regresjon Estimer av korleis talet på strålemaskinar pr million innbyggjarar varierer med PPP pr capitae i tusen \$.....	52
Tabell 12: Lineær Regresjon Estimer av korleis talet på strålemaskinar pr 10000 krefttilfelle varierer med PPP pr capitae i tusen \$.....	52
Figurar.....	53
Figur 1: Land i Afrika med stråleterapi	53
Figur 2: Stolpediagram som viser: a) Eksternt stråleutstyr, b) talet på nye krefttilfelle, c) folketalet og d) total PPP fordelt etter geografisk/politisk område.....	54
Figur 3: Kakediagram som viser: a) Eksternt stråleutstyr, b) talet på nye krefttilfelle, c) folketalet og d) total PPP fordelt etter geografisk/politisk område.....	55
Figur 4: Stolpediagram som viser: a) Eksternt stråleutstyr, b) talet på nye krefttilfelle, c) folketalet og d) total PPP fordelt etter kva tid eit land blei oppretta eller blei sjølvstendig.	56
Figur 5: Kakediagram som viser: a) Eksternt stråleutstyr, b) talet på nye krefttilfelle, c) folketalet og d) total PPP fordelt etter kva tid eit land blei oppretta eller blei sjølvstendig.	57
Figur 6: Stolpediagram som viser: a) Eksternt stråleutstyr, b) talet på nye krefttilfelle, c) folketalet og d) total PPP fordelt etter kva som er hovudreligionen i landet.	58
Figur 7: Kakediagram som viser: a) Eksternt stråleutstyr, b) talet på nye krefttilfelle, c) folketalet og d) total PPP fordelt etter kva som er hovudreligionen i landet.	59
Figur 8: Stolpediagram som viser: a) Eksternt stråleutstyr, b) talet på nye krefttilfelle, c) folketalet og d) total PPP fordelt etter PPP pr capitae.	60
Figur 9: Kakediagram som viser: a) Eksternt stråleutstyr, b) talet på nye krefttilfelle, c) folketalet og d) total PPP fordelt etter PPP pr capitae.	61
Figur 10: Stolpediagram som viser fordelinga av eksternt stråleutstyr, nye krefttilfelle i tusen, folketalet i millionar og total PPP i ti milliardar \$ etter geografisk/politisk område.....	62
Figur 11: Stolpediagram som viser fordelinga av eksternt stråleutstyr, nye krefttilfelle i tusen, folketalet i millionar og total PPP i ti milliardar \$ etter kva tid eit land blei oppretta eller blei sjølvstendig.	62

Figur 11: Stolpediagram som viser fordelinga av eksternt stråleutstyr, nye krefttilfelle i tusen, folketalet i millionar og total PPP i ti milliardar \$ etter kva som er hovudreligionen i landet.	63
Figur 13: Stolpediagram som viser fordelinga av eksternt stråleutstyr, nye krefttilfelle i tusen, folketalet i millionar og total PPP i ti milliardar \$ etter PPP pr capita.	63
Figur 14: Stolpediagram som viser eksisterande stråleutstyr i forhold til utrekna behov etter a) område, b) religiøs tilknytning, c) kva tid landet blei oppretta og d) etter PPP pr capita.	64
Figur 15: Stolpediagram som viser eksisterande stråleutstyr i forhold til utrekna behov etter religiøs tilknytning, a) totalt, b) -Afrika og c) –Afrika og USA.	65

Abstract in English

Background: Currently cancer is one of the main reasons why people die in the world, only beaten by cardio vascular diseases. Even in regions of the world where infectious diseases still are dominant cancer is a major killer. On world basis cancer kills more people than HIV / AIDS, malaria and tuberculosis combined. Radiation therapy is an essential part in all treatment of cancer. Therefore it ought to be available for all. That is not the case. Only in the industrialized western world there is reasonable availability of equipment for high energetic external radiation therapy. In the rest of the world the access of such equipment is highly variable and large parts of the world's population has no access to radiotherapy at all. For example in Sub-Saharan Africa the availability of radiation therapy equipment is very sparse. On a population of 850 millions there are only 50 machines for such treatment. In this thesis I show that it is so.

Material and methods: I use publicly available databases such as “CIA the world fact book”, “Globocan 2008” and DIRAC to gather information about the countries population and PPP pr capita, cancer incidences and the availability of radiation therapy equipment. All the data were imported into a big spreadsheet. From these data there were made tables to show how the different parameters were distributed. A subset of these data were put into a SPSS database and linear regression were performed to show if there were correlations between available radiation therapy equipment and parameters such as religious beliefs, how long a nation has been a nation and PPP pr capita.

Results: I have shown that there are big geographical differences in how radiation therapy equipment are distributed, the richest part of the world has most of the equipment. USA has much more equipment than what is needed, and Africa has much less. The most important independent variable which decide how much equipment pr inhabitant a country has, is an interaction variable between PPP pr capita and a variable that describe how long a country has been independent. This is a variable that enhances the effect of PPP pr capita, When you use equipment pr cancer incidence as dependent variable the single most independent variable is PPP pr capita. Here, however, the correlation is much less. That is because the cancer incidence in rich counties is much higher. How long a country has been independent and the main religion in the country is furthermore of importance.

Conclusions: The single-most important parameter influencing the amount of radiation therapy equipment in a country, is PPP pr capitae. I have made a suggestion for what is needed to solve the problem about the varying access of radiation therapy equipment and show that it is not first of all economic reasons why it is difficult to solve this problem. There must be other reasons. I argue that it depends on the distribution of benefits, bad leadership and political will and ability.

Samandrag

Kreft er i dag ein av dei viktigaste årsakene til at folk døyr berre slått av hjarte og karsjukdomar. Sjølv i strok av verda der infeksjonssjukdomar endå er dominerande er kreft ein viktig årsak til dødelegheit. På verdsbasis tek kreft livet av meir folk enn HIV/AIDS, malaria og tuberkulose til saman. Strålebehandling er ein viktig del av all kreftbehandling og skulle difor ideelt sett vera tilgjengeleg for alle. Slik er det ikkje. Berre i den industrialiserte vestlege verden er det rimeleg tilgang på høgenergetisk ekstern stråleterapi. Elles i verda er tilgangen svært varierende og store deler av verdas befolkning har ingen tilgang på strålebehandling i det heile tatt.

Eg viser i denne oppgåva at det er slik og prøver å forklara kvifor. Vidare kjem eg med eit forslag på kva som må til for å løysa problemet og viser at det ikkje først og framst er økonomiske grunnar til at det er vanskeleg. Det må finnast andre årsaker. Min påstand er at det skuldast fordeling av godar, dårleg leiarskap og manglande politisk vilje og evne.

Introduksjon

Kreftinsidensen i verda er i dag sterkt aukande, spesielt i utviklingsland. [1] Dette skuldast først og framst ein aldrande befolkning men og at kreftinsidensen generelt er aukande grunna aukande urbanisering. [2] Verdas helseorganisasjon (WHO) kallar det ein kreftepidemi. [3] Innan år 2015 vil det vera 15 millionar nye krefttilfelle i året, og 2/3 av desse vil vera i utviklingsland. [4] Alt i dag døyr det 7.6 millionar personar i året av kreft på verdsbasis. 5.5 millionar av desse er i utviklingsland. Det er fleire enn dei som døyr av HIV/AIDS, malaria og tuberkulose til saman. I 2020 vil dette talet ha auka til 10.4 millionar kor 75% vil vera i utviklingsland.[5] Det er store ulikskapar mellom landa når det gjeld mulegheitene for å handtera denne store auken av krefttilfelle.

Denne oppgåva går ut på å undersøka korleis mulegheitene for å kunna gi strålebehandling mot kreft er i dei forskjellige landa. Kva finst av utstyr og korleis er dei fordelt geografisk og etter politiske og historiske

skiljeliner? Eg har berre sett på utstyr for høgenergetisk ekstern strålebehandling. Her er det slik at den rikaste delen av befolkninga, ca. 1/6 av folketalet disponerer 2/3 av alt utstyret. (eigen observasjon)

Eg skal i denne oppgåva beskriva situasjonen slik den er i dag når det gjeld tilgangen på utstyr for høgenergetisk ekstern stråleterapi og visa at det er store skilnader mellom landa. Eg skal prøva på å finna ut kva som gjer at det er slik. Er det geografiske, kulturelle eller andre årsaker til denne skeivfordelinga? Til slutt vil eg koma med forslag på korleis problemet med den skeive fordelinga kan løysast.

Materiale og metode

Litteratur

For å finna relevant litteratur søkte eg i Google, PubMed og Cochrane med termer som: "cancer in developing countries", "cancer treatment in developing countries", "telemedicine in developing countries" og "radiation therapy in developing countries". Eg var og inne på nettsidene til WHO, International Agency for Research on Cancer (IARC)[6], International Union Against Cancer (UICC)[7] og International Atomic Energy Agency (IAEA)[8] og henta relevant litteratur der.

Geografi, land og folk

Folk

Oversikta over folketalet i landa i verda blei henta frå "CIA-The World Factbook".[9] Dette er tal som er estimert pr 1. juli 2012. Denne sida blei valt mest fordi det er lett vint og praktisk. Sida er lett tilgjengeleg og det er lett å ta ut lister over verdas land og folk. Folketalet er kanskje ikkje hundre prosent korrekt, men det har lite å seia for dei analysane som blir gjort her.

PPP

PPP står for ”purchasing power parity”, på norsk ”kjøpekraft paritet”. Det er ein valuta som skal ha same kjøpekraft uansett kor ein er i verda. I dette tilfellet er det US dollar (USD) som skal ha den same kjøpekrafta som i USA. I låginntektsland vil normalt dollaren ha større kjøpekraft enn PPP dollaren, ein må altså bruka fleire PPP dollars enn normale dollars for å få dei same varene, og slik vil PPP dollaren ha ein utjamnande effekt, fordi at i høginntektsland vil det vera omvendt. Her vil det vera PPP dollaren som har den største kjøpekrafta.

Liste over PPP pr. capita blei og teke ut frå ”CIA-The World Factbook”. Grunngevinga for å gjera det er den same som for å ta ut folketalet. Både Verdsbanken[10] og det Internasjonale pengefondet[11] gir ut liknande lister. Dei reknar ut PPP på ein litt anna måte og kjem til litt forskjellig resultat men stort sett er resultatata i samsvar med ein annan, og skilnaden er ikkje så stor at det vil vera avgjerande for mine analyser og konklusjonar.

Sjølvstende og religion

Data for kva tid eit land blei oppretta eller blei sjølvstendig er og lagt inn i modellen. Det same blei data for kva som er hovudreligionen i landet. Begge dessa opplysningane blei henta frå ”CIA-the world factbook”.

Kreftinsidens

Opplysningane om kreftinsidens er henta frå Globocan 2008 [12], som er eit prosjekt som blei gjennomført av IARC i 2008. Dei har henta inn data frå kreftregister over heile verda og lagt inn i ein database der ein kan søka etter data og ta ut tabellar over til dømes kreftinsidens for alle kreftdiagnosar. Det er svært få land som har nasjonale kreftregister og der dei ikkje har det, er kreftinsidensen estimert utifrå dei kreftregistra som finst. Dette er kreftregister som dekkjer ein region, større by eller nedslagsfeltet til eit sjukehus. I dei landa der det ikkje er noko kreftregister er kreftinsidensen estimert utifrå insidensen i nabolanda eller insidensen i den regionen av verda.

Utstyr

IAEA har oppretta Directory of Radiotherapy Centres (DIRAC) [13] som er ein database med opplysningar om kva som finst av høgenergetisk utstyr for både ekstern og intern (brakyterapi) strålebehandling av kreft. [14] Dei har ikkje opplysningar om kva som måtte finnast av mellomenergetisk ortovolt røntgenutstyr (300-400 kV) og heller ikkje opplysningar om lågenergetisk røntgenutstyr som kan brukast til behandling av ymse hudlidningar. Opplysningane her blir kontinuerleg oppdaterte og for Europa og Nord-Amerika er dei oppdatert i løpet av det siste året (personlege opplysningar) slik at dette er den beste oversikten som finst over utstyr for stråleterapi i verda i dag. Opplysningane om stråleterapiutstyr som er gitt her er tatt ut frå DIRAC 30. mars i år.

Personell

DIRAC har og ei oversikt over kva som finst av tilgjengeleg personell for å kunna bruka utstyret for strålebehandling.. Tilgangen på personell kan gi ein peikepinn om kor godt det som finst av utstyr blir utnytta.

Behandling av data

Kreftinsidens

Alle data er lagt inn i et stort regneark der landa er lagt inn i rekkefølge etter PPP pr capita. Dagens kreftinsidens er berekna etter dagens folketal og den oppgitte kreftinsidensraten som gjeld for 2008. Det er ikkje gjort noko forsøk på å ta omsyn til den generelle aukinga av kreftinsidensen for dei fleste diagnosar og heller ikkje er det tatt omsyn til aldersfordelinga i befolkninga. Den justerte totale kreftinsidensen er så brukt til å justera dei diagnosespesifikke kreftinsidensane. Desse er så brukt til å rekna ut kor mange kreftpasientar som har behov for stråleterapi i dei forskjellige landa etter metoden til Delaney et al. [15] Eg

har rekna med at 25% av pasientane har behov for meir enn ein behandlingsserie, og dette er brukt for å rekna ut kor mange behandlingsseriar det er behov for. Barton et al [1] har brukt 23%. I Noreg ligg rebehandlingsraten på i overkant av 40%. [16] Rebehandlingsraten er prosenten av pasientar som treng meir enn ein behandlingssomgang.

Land og folk

Landa er fordelt både etter kva region dei høyrer til og etter kva religion som er dominerande i landet. Landa er fordelt på 8 forskjellige regionar. I hovudsak er dei fordelt etter geografiske skiljeliner, men det er og teke omsyn til politiske og kulturelle skilnadar. Dersom ingen religion har over 50% tilslutning er landet hamna i kategorien Andre. Føremålet med å bruka religiøs tilknytningar er for å sjå om det kan vera kulturelle forskjellar i bruken av stråleterapi. Eg har og lagt inn data om kva tid landet blei sjølvstendig eller kva tid det blei oppretta eller fekk den statusen det har i dag. Til slutt er landa fordelt etter PPP pr capita. Data som skal gå til vidare analyse er overført til ein SPSS-database der det er lettare å sjå på fordelingar av ymse slag og korrelasjonen mellom dei forskjellige dataa. SPSS er og brukt til å laga figurar og oversikter.

Utstyr

Behovet for stråleutstyr i die forskjellige land blei rekna ut ved at eg antok at i rike land kan ein behandla 400 behandlingsseriar pr strålemaskin i året og i land med middelinntekt og låginntekt kan ein behandla 600 behandlingsseriar pr strålemaskin årleg. Dette fordi at i fattige land er kostnadene til utstyr og vedlikehald det dominerande og difor vil det vera viktig å utnytta utstyret best muleg, medan det i rike land er kostnadene til arbeid som dominerer.

Lineær regresjon

For å sjå på samanhangen mellom tilgangen på stråleutstyr og forskjellige parametrar blei det utført lineær regresjon med utstyr pr million innbyggjarar og utstyr pr 10000 krefttilfelle som avhengige variablar mot

PPP i tusen \$ (PPPitusen) som ein uavhengig variabel. For å sjå på om kva tid eit land blei sjølvstendig og kva hovudreligionen i landet er kunne ha noko betyding laga eg to interaksjonsvariablar. Den eine er ein interaksjonsvariabel mellom PPPitusen og ein variabel som er gruppert etter kva tid eit land fekk sitt sjølvstende (Opprettagrp). Den andre er ein interaksjonsvariabel mellom PPPitusen og ein variabel som fortel kva som er hovudreligionen i landet (ReligionOmv). Det blei utført lineær regresjon med dei tre uavhengige variablane kvar for seg og i alle mulege kombinasjonar,

Resultat

Litteratur

Eg har i liten grad vurdert kvaliteten på artiklane som er brukt i oppgåva, men dei er vesentleg henta frå ”International Journal of Radiation Oncology Biology Physics (IJROBP)”, ”Radiotherapy & Oncology (R&O) og Lancet Oncology. Dette er beskrivande artiklar som fortel om situasjonen slik den er og prøver å dra konklusjonar om utviklingstendensar ut i frå det. Det er avgrensa kva som er skrive om dette tema slik at å sortera ut det som var aktuelt ikkje var noko stort problem. Søk i Cochrane gav ikkje noko ekstra slik at det er tydeleg at det ikkje er skrive nokon stor oversiktsartikkel om dette temaet. Det var skrive ein del om dette tema på nettsidene til dei oppgitte organisasjonane og dei har eg brukt i oppgåva.

Geografi, land og folk

Folketal

Folketalet varierer frå 1.3 milliardar menneske i Kina til 9378 i Nauru når ein ser på sjølvstendige nasjonar. Det finst regionar/område med forskjellig grad av tilknytning til moderlandet som har atskilleg fleire innbyggjarar enn Nauru slik som Palestina og Puerto Rico som har om lag 4 millionar innbyggjarar og dei som har mindre slik som Pitcairn som har 48.

Land og folk

Korleis landa er delt inn i regionar og etter kva tid dei fekk sitt sjølvstende og kva som er hovudreligion i landet er vist i tabellane 1-3.

Tilslutt blei landa delt inn etter PPP pr capita som vist i tabell 4. PPP pr capita varierer frå 141100 \$ i Liechtenstein til 300 \$ i Den demokratiske republikken Kongo. Grensa mellom høg inntekt og middel inntekt og mellom middel inntekt og låg inntekt blei høvesvis sett ved 20000 \$ og ved 6000 \$.

PPP blei inndelt i forskjellige grupper. Desse gruppene er: 1) Høg inntekt, 2) Middels høg inntekt, 3) Middels inntekt, 4) Låg middels inntekt, 5) Låg inntekt og 6) Ektremt låg inntekt. Grensene mellom dei forskjellige nivåa blei i rekkefølge noko tilfeldig sett til: >37000, 20000-37000, 12000-20000, 6000-12000, 2000-6000 og <2000. Grensa mellom høg inntekt og middels høg inntekt blei sett ved 37000 for å få om lag like mange land i kvar gruppe. Det same gjeld for grensa mellom middels inntekt og låg middels inntekt som er sett til 12000.

Kreftinsidens

Kreftinsidensen er ikkje berekna for land eller område som har mindre enn 100000 innbyggjarar så desse landa er i stor utstrekning utelete frå analysen. Ved utrekning av kreftinsidensen for dei aktuelle landa er det berre teke omsyn til dagens folketal og ikkje til eventuell endring i aldersfordeling i befolkninga og endring av kreftinsidensen for dei forskjellige diagnosane. I Afrika er oppgitt kreftinsidensen for Kaposi sarkom. Under utrekninga av kor mange krefttilfelle som har behov for strålebehandling er Kaposi sarkom teke med i kategorien Andre. I følgje Delaney et al. [15] treng om lag 50% av desse pasientane stråleterapi. Om det og gjeld for Karposi sarkom veit eg ikkje og har heller ikkje funne noko om det i litteraturen. Grunnen til at Kaposi sarkom er så vanleg i Afrika er den store HIV- epidemien dei har der. [17]

Utstyr

Det finst land der kreftinsidensen ikkje er oppgitt men som likevel er registrert med stråleterpiutstyr, slik som Monaco. Men det vanlegaste er motsett, land med registrert kreftinsidens har ikkje utstyr for ekstern stråleterapi. Eg har ikkje teke omsyn til utstyr for strålebehandling med lågenergetisk (10-50 kV) og mellomenergetisk (300-400 kV) røntgenstrålar, mest fordi at DIRAC ikkje har opplysningar om det. Så kor vidt det kan finnast der det er oppgitt at dei har stråleterapisenter men ikkje er oppgitt at dei har utstyr kan ein ikkje seia noko om. Utstyr for brakyterapi er tatt med i tabellane men vil utover det bli lite kommentert.

Personell

Tilgjengeleg personell pr maskin varierer og sterkt. Det er vist i tabellane 5-10. Personaltilgangen gir ein indikasjon på kor godt det enkelte utstyret blir utnytta. Det er ulike meiningar om kva som er ei god bemanning av dei ulike yrkesgruppene for god utnytting av utstyret. [18] Det er og vanskeleg å gjera samanlikningar mellom landa fordi arbeidsfordelinga mellom yrkesgruppene kan variera frå land til land og frå senter til senter. Ei rettesnor som er gyldig for land i Vest-Europa er at det som minimum må vera minst 4 stråleterapeutar, 1 fysikar, 1,5 onkolog og 0,5 ingeniør pr. maskin for høgenergetisk ekstern stråleterapi. [19] I nokre land gjer nok onkologar mykje meir av arbeidet enn det som er vanleg i vestlege land, Sidan det er så store variasjonar mellom landa i korleis dei forskjellige yrkesgruppene blir brukt og også store variasjonar i kva kompetanse dei har er det meir rett å seia at det må vera minst 7 personar pr maskin for å få ei god utnytting av maskinparken og gi behandling med god kvalitet. Dette vil bli brukt i det vidare arbeidet.

Analyse

I tabellane 5- 10 er det teke med opplysningar om folketal, PPP pr. capita, krefttilfelle, stråleutstyr og tilgjengeleg personell henta frå DIRAC. Eg vil ikkje ta med noko om Vest-Europa eller Nord-Amerika sidan dette mest skal handla om utviklingsland. Eg skal i fortsettinga kommentera kvar region for seg. Eg har tidlegare rekna ut kor stort behovet for strålemaskinar er, men vil i det vidare arbeidet for å gjera det enklare

rekna med at det trengst ein maskin pr 1000 krefttilfelle. Dette skil seg ikkje så mykje frå det eg har rekna ut. Eg har sagt at det pr 1000 krefttilfelle vil vera 650 behandlingsseriar som treng strålebehandling og at det kan behandlast 600 behandlingsseriar pr maskin pr år.

Aust-Europa/Sovjet+

I tabell 5 er det vist data for Aust-Europa og tidlegare Sovjetstatar samt Tyrkia, Kypros og Israel. Dette er ein region som først og framst er kjenneteikna med at det er unge nasjonar og nokre ligg i låginntektsgruppa. Dei fleste har fått sitt sjølvstende etter 1990. Tilbodet innan stråleterapi varierer mykje. Frå Kosovo og Turkmenistan der det ikkje finst noko tilbod til Israel som har 30 maskinar på ein befolkning på 7.5 millionar. Kosovo er ein så ung nasjon at det ikkje har registrerte krefttilfelle. Israel, Tsjekkia, Slovakia, Latvia, Kypros og Tyrkia tilfredsstillar kravet om at det skal vera ein stråmaskin pr 1000 krefttilfelle medan til dømes storebror Russland ligg langt unna. Eit anna kriterium for kor godt stråleterapien fungerer i eit land er bemanning. Det skal ei minimum bemanning til for at ein maskinpark skal fungera optimalt. Dersom ein held seg til det eg før har nemnt at det skal vera 7 personar totalt for å driva ein strålemaskin oppfyller om lag halvparten av landa det kravet. Korleis Russland kan driva totalt 323 maskinar med 95 terapeutar er vanskeleg å forstå.

Nord og Sør-Afrika/Midtausten

Tabell 6 viser data for Midtausten, Nord-Afrika og Sør-Afrika. Her er det 3 land eller område som skil seg ut. Det er Bahrain og Palestina som ikkje har noko registret tilbod om strålebehandling og Jemen som har ein Co60-maskin på ein befolkning på nesten 25 millionar og over 11000 krefttilfelle i året. Palestina har svært få registrerte krefttilfelle med ein insidensrate på 31. Mange krefttilfelle blir nok ikkje registrert eller så blir dei registrert i dei omkringliggjande landa. Den palestinske befolkninga får si behandling ved Augusta Victoria Hospital i Aust-Jerusalem. Der har dei to strålemaskinar og har mykje av si verksemd retta mot Palestina.

Mange land tilfredstiller kravet om at det skal vera minst ein strålemaskin pr 1000 krefttilfelle men Irak, Syria, Marokko, Algerie, Egypt og Sør-Afrika gjer det ikkje. Irak, Marokko, Jordan, Egypt, Sør-Afrika og Qatar tilfredsstiller kravet til bemanning.

Mellom-Amerika og Karibia

Tabell 7 viser data for landa i Mellom-Amerika og Karibia. Denne regionen er kjenneteikna av små øystatar og små fastlandsstatar når ein ser bort frå Mexico og øyar og område som ligg under andre land. Til dømes er Martinique og Guadelope innlemma i Frankrike og er difor ikkje tatt med her. Område som ikkje er sjølvstendig og der det korkje er registrert krefttilfelle eller utstyr er heller ikkje tatt med. I Curacao er det ikkje registrert krefttilfelle men det er registrert utstyr og er difor tatt med. Sjølvstendige statar der ingen av delane er registrert er tatt med i tabellen. Det er ikkje mange land som tilfredstiller kravet om ein strålemaskin pr 1000 krefttilfelle, men Bahamas, Barbados og Trinidad og Tobago gjer det. Haiti og Belize er land der det er registrert krefttilfelle, men ikkje har noko tilbod om stråleterapi. Belize har få krefttilfelle så det vil vera naturleg at dei kjøper tenester innan stråleterapi frå andre land som til dømes Mexico. Berre Cuba, Panama, Curacao, Barbados og Bahamas tilfredsstiller bemanningskravet. Etter vesteuropeisk standard manglar Barbados litt onkologstøtte.

Sør-Amerika

Tabell 8 viser data for landa i Sør-Amerika. Fransk Guayana er innlemma i Frankrike og er difor ikkje teke med her. Alle land, unnateke Bolivia og Paraguay som er i låginntektsgruppa, er i middelinntektsgruppa. Chile, Uruguay, Venezuela, Colombia og Surinam tilfredstiller kravet om meir enn ein maskin pr 1000 krefttilfelle. Brasil manglar 1 maskin for å tilfredsstilla kravet. Når det gjeld bemanning er det ingen som tilfredsstiller kravet.

Asia/Oseania

Tabell 9 viser data for landa i Asia og Oseania, bortsett frå dei landa som er teke med under andre regionar. Alle sjølvstendige statar og område der det er registrert enten krefttilfelle eller utstyr er teke med. Dette er ein region som omfattar dei folkerikaste landa i verda men og dei landa med minst befolkning. 25 land, nesten 2/3 er i låginntektsgruppa, 11 land har middelinntekt og 4 land er i høginntektsgruppa. Ingen land tilfredsstillar kravet for talet på strålemaskiner sjølv om Singapore er ganske nær. Dei har 14 maskinar og burde hatt 15. Totalt i regionen er det registrert 2533 strålemaskinar medan det etter talet på krefttilfelle som er 5294863, burde hatt 5300 maskinar, slik at dei har mindre en halvparten av dei maskinane dei burde hatt. 21 land, over halvparten, har ikkje noko tilbod om stråleterapi. For nokre av landa er nok dette naturleg fordi dei er så små. Afghanistan med over 30 millionar innbyggjarar har ikkje noko tilbod om stråleterapi, men som ein veit har dei heilt andre problem og strid med. Nepal, Kambodsja, Vietnam, Filippinane, Mongolia, Sri Lanka og Kina tilfredsstillar kravet til bemanning. Kina har få fysikarar og terapeutar men kompenserer dette med at dei har i overflod med onkologar. Tre land utmerkar seg med svært låg bemanning. Det er India, Iran og Malaysia. Etter maskinparken skulle India hatt ei bemanning på 3493, men har berre registrert 803. Iran skulle hatt 203, men har berre 19 og Malaysia skulle hatt 189, men har 21.

Afrika

Tabell 10 viser data for Afrika, minus Middelhavslanda og Sør-Afrika. Alle sjølvstendige land samt Vest-Sahara er teke med i tabellen. For Sør-Sudan er talet på krefttilfelle rekna ut frå kreftinsidensen i Sudan. Uansett har dei ikkje noko tilbod om stråleterapi. Afrika er den regionen som kjem dårlegast ut når det gjeld dekninga av strålemaskiner. Med eit totalt folketal på 858 millionar og 552443 krefttilfelle har dei berre 50 strålemaskinar for høgenergetisk ekstern stråleterapi. Det vil seia at dei har berre 9% av dei maskinane dei burde hatt. Dei aller fleste landa er i låginntektsgruppa. Berre Seychellane høyrer til høginntektsgruppa, men der er det ikkje registrert korkje krefttilfelle eller utstyr. I heile Afrika er det registrert 236 strålemaskinar men altså berre 50 av dei er i denne regionen. Mauritius er det einaste landet som tilfredsstillar kravet på talet på maskiner, medan Namibia, Gabon og Botswana er ganske nær. Desse landa unntatt Gabon,

tilfredstiller kravet for personell. Det same gjer Zimbabwe, Madagaskar, Uganda Tanzania, Mauritania, Sudan, Ghana og Mauritius utifrå den maskinparken dei har. I 29 av 49 land er det ikkje registrert utstyr for ekstern stråleterapi. I tillegg er Liberia, Mosambik og Republikken Kongo registrert med stråleterapisenter utan at det er registrert utstyr her. Den demokratiske republikken Kongo er registrert med ein lineærakselerator men det er tvilsamt om den er i drift. [20]

Figur 1 viser kva for land i Afrika som har utstyr for strålebehandling.[20, 21] Berre i Gabon og i land i Nord og Sør Afrika er det mindre enn 2 millionar innbyggjarar for kvar strålemaskin. Sør-Afrika, Mauritius, Tunisia og Libya har mindre enn ein million pr maskin, medan det i dei fleste land i Europa er mindre enn 250000 innbyggjarar pr maskin.

Geografisk fordeling

Figur 2 og 3 viser fordelinga stråleutstyr, krefttilfelle, folketal og total PPP etter geografisk og politisk område i stolpediagram og kakediagram. Som ein ser følgjer ikkje tilgangen på stråleterapiutstyr korkje fordelinga av talet på krefttilfelle eller fordelinga av folketalet. Dei diagramma som liknar mest på ein annan er diagramma som viser fordelinga av stråleutstyr og total PPP. Grunnen til at Nord-Amerika/JAN dominerer så mykje når det gjeld fordeling av stråleutstyr er at USA har 1500 einingar meir enn det behovet skulle tilseia. Dersom stråleutstyret var jamt fordelt etter talet på krefttilfelle skulle desse to diagramma vera samanfallande. Ein ser og at tilgangen på stråleutstyr aukar meir enn det auken i PPP skulle tilsei. Så det kan sjå ut som om at det er rikdomen i eit land som styrer tilgangen til stråleutstyr meir enn det reelle behovet.

Fordeling etter kva tid eit land fekk sitt sjølvstende

Figur 4 og 5 viser stolpediagram og kakediagram over fordelinga av stråleutstyr, krefttilfelle, folketal og total PPP etter kva tid eit land oppstod eller vart sjølvstendig. Her ser det ut som om det er god overstemming mellom fordeling av stråleutstyr, krefttilfelle og total PPP, men ikkje etter folketal. Dei med høgast PPP, det vil seia dei landa som vart sjølvstendig før 1800, har noko betre utteljing når det gjeld tilgangen på stråleutstyr. Her gjer det seg nok gjeldande ein utjamnande effekt ved at det som USA har for

mykje av stråleutstyr etter behovet blir ete opp av det som Kina manglar. Land som vart sjølvstendig mellom 1800 og 1900 ser ut som har fått ein rimeleg del av kaka. Her kjem europeiske land som Belgia, Tyskland og Italia inn og kompenserer for det som manglar i Latin-Amerika. India, Pakistan, Indonesia og land i Midt-Austen fekk sitt sjølvstende mellom 1900 og 1950, og som diagramma viser så er dei litt underrepresentert når det gjeld tilgangen på stråleutstyr. Dei som kjem dårlegast ut er land som vart sjølvstendig mellom 1950 og 1980. Det er nok fordi at vi her har dei fleste landa i Afrika.

Fordeling etter religiøse og kulturelle skiljelinjer

Figur 6 og 7 viser stolpediagram og kakediagram over fordelinga av stråleutstyr, krefttilfelle, folketal og total PPP etter religiøse skiljelinjer. Religion er brukt som eksempel på kulturelle skiljelinjer. Ein ser igjen at det som styrer tilgangen på stråleterapi er pengane meir enn behovet, og at tilgangen aukar meir enn PPP. Noko som er eit uttrykk for at rike land brukar ein større del av den totale pengebruken på helse enn fattige land. Elles kan det sjå ut som om dei som kjem i kategorien Andre kjem betre ut enn både muslimar og buddhistar.

Fordeling etter PPP pr capitae

Figur 8 og 9 viser stolpediagram og kakediagram over fordelinga eksternt stråleutstyr, krefttilfelle, folketal og total PPP etter PPP pr. capitae. Tydelegare kan det ikkje visast at her er det pengane som rår: Dei rikaste har den beste tilgangen på stråleutstyr. Her gjer nok overkapasiteten på stråleutstyr i USA utslag men det rokkar ikkje ved den tendensen. Delen stråleutstyr hjå dei rikaste er og større enn det som fordelinga av total PPP skulle tilseia. Noko som igjen illustrerer at rike land brukar ein større del av sine ressursar på helse. Tilgangen på stråleutstyr hjå dei fattigaste er knapt registrerbart.

Samanfatning

Figurane 10 – 13 viser stolpediagram over eksternt stråleutstyr, krefttilfelle i tusen, folketal i millionar og total PPP i 10 milliardar \$ etter geografisk område (fig. 10), kva tid landa fekk sitt sjølvstende (fig. 11), hovudreligion (fig. 12) og etter PPP pr. capitae (fig. 13). Det kan sjå ut som om det på alle grupperingane er overkapasitet for dei landa som kjem best ut og at det og vil gjelda sjølv om ein held USA utaføre. Men dersom vi rekna at det i høginntektsland berre vil bli behandla 400 behandlingsseriar pr år pr maskin vil det sett noko annleis ut. Då ligg nok behovet for strålemaskinar nærare at det trengst ein maskin pr 600 krefttilfelle i staden for ein maskin pr 1000 krefttilfelle som eg har rekna med her.

Eksisterande utstyr i forhold til behov

Figur 14 viser mengda eksisterande utstyr i forhold til utrekna behov. Ein ser at i alle geografiske område unnateke N-Amerika/JAN er underkapasitet på stråleutstyr. Dersom vi tek bort overkapasiteten i USA ville det vore mangel på stråleutstyr også her, dersom ein godtek min måte å rekna ut behovet på. Det same vil gjelda for dei andre grupperingane, held ein USA utaføre vil vi ha mangel på utstyr etter alle inndelingane. Land som fekk sitt sjølvstende før 1800 viser og mangel på utstyr på trass av USA. Det er nok fordi at her kjem Kina inn som har tilsvarande mangel på utstyr. Grunnen til at det etter religiøs inndeling ser ut som det er mangel på utstyr også for kristne land er nok at her kjem Latin-Amerika og det kristne Afrika inn. At det er slik blir illustrert nedaføre.

USA og Afrika si betydning

Figur 15 viser fordeling av eksternt stråleutstyr i forhold til behovet etter religiøs tilknytning og samanliknar med dersom ein held Afrika utaføre og USA og Afrika utaføre. Ved berre å halda Afrika utaføre går dekninga av stråleutstyr noko opp men i det store og heile betyr det lite. Det er først når ein og held USA utaføre at ein ser at mangelen på utstyr er stor og i den kristne del av verda.

Lineær regresjon

Tabell 11 og 12 viser resultatet av den lineære regresjonen der eg har brukt utstyr pr million innbyggjarar (UtstyrFolk) og utstyr pr 10000 krefttilfelle som avhengig variablar og dei uavhengig variablane har vore PPP pr capitae i tusen \$ (PPPitusen), ein interaksjonsvariabel (iPPPitusenOpprettagrp) mellom PPPitusen og kva tid eit land blei sjølvstendig gruppert (Opprettagrp) og ein interaksjonsvariabel (iPPPitusenReligionOmv) mellom PPPitusen og kva som er hovudreligionen i landet nummerert i omvendt rekkefølge (ReligionOmv). Som ein ser er korrelerer utstyr pr million innbyggjarar mykje betre enn utstyr pr 10000 krefttilfelle.

Diskusjon

Folketal

Estimata som CIA oppgir for folketalet i dei forskjellige landa er ikkje heilt sikre. Dei har gått utifrå sist kjente folketeljing og lagt inn visse føreutsetjingar, slik som fødselsoverskot og dødelegheit, som grunnlag for estimata, utan at dei alltid har tatt omsyn til at det har skjedd endringar i føreutsetningane undervegs. Dei har tatt omsyn til HIV/AIDS epidemien i Afrika medan dei til dømes ikkje har føreutsett den store aukinga i innvandringa til Noreg noko som gjer at dei opererer med ein befolkning på 4.7 millionar pr 1. juli 2012 medan vi veit at den er på over 5 millionar. Folketalet til andre land kan vera behefta med liknande feil, men eg vil ikkje tru at dei feila er så store at dei vil påverka analysen i særleg grad.

PPP

Fordelinga av land etter PPP følgjer visse karakteristikkar etter kva geografisk område dei tilhøyrrer. Alle land i Vest-Europa og Nord-Amerika+ er i høginntektsgruppa. Landa i Aust-Europa og gamle Sovjet tilhøyrrer hovudsakleg mellominntektsgruppa. 19 av 32 høyrer til her. Resten er nokolunde jamt fordelt mellom låginntekts- og høginntektsgruppa. På landa i Midt-Austen og Nord- og Sør-Afrika er det full

spreiing. Her er både fattige land, som Jemen og Palestina, men og rike oljeland rundt Persiabukta som er mellom dei rikaste i verda. I Latin-Amerika ligg brorparten av land i mellominnteksgruppa. 28 av 38 land ligg her. 6 land ligg i låginnteksgruppa medan berre 4 øystatar i Karibia ligg i høginnteksgruppa. Asia og Oseania har størsteparten av landa sine i låginnteksgruppa, 26 av 41 land høyrer til denne kategorien. Berre 4 land høyrer til høginnteksgruppa. I Afrika er så godt som alle land i låginnteksgruppa, 5 land er i mellominnteksgruppa og eit land er i høginnteksgruppa av totalt 49 land.

Mellom Liechtenstein og Den demokratiske republikken Kongo er det ein faktor på mest 500 i PPP pr capita. Då er det innlysande at det er heilt andre problem som Kongo slit med enn det Liechtenstein slit med. Sannsynlegvis er ikkje helseproblema det største problemet dei har i Kongo, sjølv om det og er mykje større enn i rike land.

Kor grenselinja mellom høginnteksland og middelinnteksland og grensa mellom middelinnteksland og låginnteksland skal trekkast er det ikkje noko objektivt mål for. Verdsbanken [10] har sin definisjon, men den er bygt på deira data på PPP pr capita. Eg har valt å setja grensa ved 20000 \$ og ved 6000 \$.

Kreftinsidens

Det er store skilnader når ein ser på fordelinga av krefttilfelle mellom dei ulike kreftdiagnosane i utviklingsland og industrialiserte land. I utviklingsland er kreftdiagnosar som skuldast infeksjonar meir vanleg. [22] Leverkreft som er ein heller sjeldan krefttype i industriland er ein vanleg sjukdom i utviklingsland. Dette skuldast hepatitt B virus (HBV). Cervix cancer som skuldast humant papilloma virus (HPV) er og mykje vanlegare i utviklingsland enn i utvikla land. Det same kan seiast om magekreft som skuldast *Helicobacter pylori*. Det finst i dag effektive vaksiner mot HBV og HPV så det ville vera relativt enkelt og kostnadseffektivt og minka førekomsten av dei krefttypeane som desse forårsakar. [23]

Utstyr

Eg har ikkje tatt omsyn til utstyr for strålebehandling med lågenergetisk (10-50 kV) og mellomenergetisk (300-400 kV) røntgenstrålar. Utstyr for brakyterapi er tatt med. Dette utstyret er og veldig ulikt fordelt. Det ein kan seia om utstyr for brakyterapi er at det ofte blir dårleg utnytta.[24] Kostnadene med innkjøp av slikt utstyr er mykje mindre enn kostnadene med innkjøp av utstyr for ekstern strålebehandling slik at kostnadene med å la slikt utstyr stå ubrukt ikkje er så store. Difor betyr det ikkje så mykje for rike land at dette utstyret ikkje blir brukt.

Utifrå dei diagnoserelaterte kreftinsidensane har eg rekna ut behovet for eksternt stråleterapiutstyr etter metoden til Delaney et al. [15] Og rekna med at 25% av pasientane vil ha behov for stråleterapi meir enn ein gong noko som er samanliknbart med Barton et al.[1] Desse anslaga er rekna ut frå ei ideell bruk av stråleterapi i vestlege land og det er langt frå sikkert at det same gjeld for utviklingsland. Ofte blir kreften her diagnostisert på eit mykje seinare tidspunkt dersom dei i det heile blir diagnostisert. Dette medfører at svulsten er i eit høgare stadium og korkje kirurgi eller kjemoterapi er noko alternativ, slik at stråleterapi er det einaste behandlingalternativet som finst. På den bakgrunn er det sannsynleg at behovet for stråleterapi blir underestimert i desse landa. Ein veit heller ikkje kor mange kreftsvulstar som aldri blir diagnostisert. Dersom all kreft blei diagnostisert vil det dra behovet for stråleterapi i same lei.

Eit anna spørsmål er om dei strålemaskinane som finst i utviklingsland er i drift eller ikkje. Dei kan vera ute av drift på grunn av manglande service og vedlikehald eller på grunn av manglande personell. I ein rapport frå Nigeria i 2003 blir det dokumentert at deira Co60-maskin på 1980-talet enkelte år var ute av drift meir enn 250 dagar. [25] I Nigeria er situasjonen i dag ein heilt annan, dei har 7 lineærakseleratorar og 5 Co60-apparat, men det er grunn til å tru at situasjonen i deler av Afrika ikkje har endra seg noko særleg.

Maskinane er nok framleis ute av drift i lange periodar på grunn av manglande reperasjonar og vedlikehald. Utifrå DIRAC sin registreringar er det 4393 maskinar for ekstern stråleterapi i middelinntekts- og låginntektsland, medan eg har rekna ut at behovet er 8777, det vil seia at dei treng dobbelt så mange maskinar. Eg har ikkje skilt mellom lineærakseleratorar og Co60-maskinar. Co60-maskinar er det som dominerer i desse landa og dei har mindre kapasitet enn lineærakseleratorar. Ca. halvparten av alle

strålemaskinane er Co60-maskinar i desse landa medan det i rike land berre 5% av alle maskinane er Co60-maskinar. Rike land med PPP pr capitae større enn 20000\$ er det registrert 8482 maskinar. Nesten halvparten av desse, 3961 stykke, er registret i USA. Eg har rekna ut behovet for å vera 8501, men held ein USA utaføre så vil behovet vera 6046 medan det finst 4521. Så sjølv i rike land manglar det om lag 1500 maskinar.

Fordeling etter religiøse og kulturelle skiljelinjer

Landa er delt inn i Kristen, Muslim, Buddhisme/hinduisme og Andre etter kva som er hovudreligion i landet. Det kan vera vanskeleg å argumentera for at alle innaføre ei slik grov inndeling av dei store religionane høyrer til same kulturkrets. Ein skulle kanskje ha delt opp til dømes kristendomen i katolikkar og protestantar. Det kristne Afrika burde og kome i ein kategori for seg.

Lineær regresjon

Utstyr pr million innbyggjarar korrelerer mykje betre enn utstyr pr 10000 krefttilfelle. Dette skuldast nok det faktum at når velstanden aukar går insidensraten opp. Det vil seia at rike land har behov for meir stråleutstyr, slik at når ein reknar ut utstyr pr krefttilfelle er alt noko av auken i velstand teken med og dermed blir avhengigheita av PPP pr capitae mindre. Variasjonen som vi forventar på grunn av aukande PPP pr capitae er dermed alt teke med i den avhengige variabelen. Det å bruka utstyr pr krefttilfelle vil altså ha ein utjamnande effekt når det gjeld inntektsnivå i forhold til å bruka utstyr pr innbyggjar som avhengig variabel. PPP pr capitae er ein viktig komponent i alle variablane som er brukt i desse analysane. Enten ein brukar utstyr pr innbyggjar eller utstyr pr krefttilfelle som avhengig variabel får ein best tilpassing når ein bruker alle 3 variablane som uavhengige variablar. Det må skuldast at dei har effektar som påverkar ein annan når ein har alle 3 i lag i forhold til når ein har dei kvar for seg eller i andre kombinasjonar. iPPPitusenOpprettgrp gir ei god tilpassing når det gjeld utstyr pr innbyggjar men ikkje når det gjeld utstyr pr krefttilfelle. Nå er det

slik at det er ein tendens til at jo lenger eit land har vore sjølvstendig jo større sjanse er et for at eit land er rikt, unnataka er Etiopia og Kina, slik at denne parameteren forsterkar avhengigheita av PPP pr capitae. iPPPitusenReligionOmv gir betre utslag for utstyr pr krefttilfelle enn utstyr pr innbyggjar. Etter all sannsyn ville denne parameteren gitt ei betre tilpassing dersom ein hadde delt opp kristendomen i fleire grupper. Innaføre det kristne områda har ein både dei landa som har best tilgang på utstyr og dei landa som har dårlegast tilgang (Afrika). Det kunne slik sett vore fornuftig og delt opp kristendomen i fleire grupper og til dømes skilt mellom protestantar og katolikkar og teke det kristne Afrika for seg slik som antyda ovafor. Det kristne Afrika måtte då ha fått den lågaste verdien og protestantar og katolikkar dei høgaste verdiane. Heile Latin-Amerika ville då kome med i det katolske område. Dette er nok forklaringa på at den gir betre utslag på utstyr pr krefttilfelle enn på utstyr pr innbyggjar. iPPPitusenReligionOmv kompenserer altså delvis for at rike land har meir kreft enn fattige land.

Helsesystem

